



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

MOTTATT

10 SEPT 2010

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Ref. 09/1178

Vår ref. 10/3186-3
N00/MELTO

Dato 06.09.2010


**FORELØPIG SVAR - HØRING - EVALUERING AV KONKURRANSEUTSETTING AV
DRIFT OG VEDLIKEHOLD I STATENS VEGVESEN**

Vi viser til Deres brev datert 05.07.2010 "Høring – Evaluering av konkurranseutsettingen av drift og vedlikehold i Statens vegvesen."

Telemark fylkeskommune legg ved forslag til saksframlegg som foreløpig administrativ uttalelse til høringen. Det tas forbehold om endringer i uttalelsen som følge av den politiske behandlingen av saken 21.09.2010.

Eventuelle endringer vil bli oversendt 22.09.2010.

Med hilsen



Rolf-Helge Grønås
fylkesrådmann

Vedlegg:
Saksframlegg "Høring – Konkurranseutsetting av drift og vedlikehold i Statens vegvesen"



SAKSFRAMLEGG

HØYRING - KONKURRANSEUTSETJING AV DRIFT OG VEDLIKEHALD I STATENS VEGVESEN

Godkjent av:

Arkivsaksnr.: 10/3186

Arkivkode: N00

Saksbehandlar: Tor Jørgen Naas Melås

Behandling i:

Hovudutval for infrastruktur

Forslag til vedtak/tilråding frå fylkesrådmannen

Telemark fylkeskommune tek rapporten om konkurranseutsetjinga drift og vedlikehald i Statens vegvesen til orientering.

Fylkeskommunen viser til at ein gjennom riksrevisjonens arbeide med same tema har fått ein kvalitetskontroll av rapporten frå Dovre Group.

Det kjem fram at delkonklusjonar i rapporten ikkje er i samsvar med riksrevisjonens konklusjonar.

Fylkeskommunen tykker dette svekkar truverdet og anbefalar at ein går nærare inn i dei deltema kor konklusjonane frå riksrevisjonen og Dovre Group ikkje er samsvarande.

Problemstillinga i få ord

Dovre Group har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet evaluert Statens vegvesens konkurranseutsetting av drifts- og vedlikehaldsoppgåver som starta i 2003.

Målet med evalueringa er å klarlegge konsekvensene for pris og kvalitet av konkurranseutsetjinga, om kontraktane bør utformast eller følgjast på ein annan måte, og om dagens omfang og måten å konkurranseutsetje oppgåver på er det rette.

Samferdselsdepartementet ber nå fylkeskommunane om innspel og kommentarar til rapporten frå Dovre. Frist for å gi fråsegn i høyringa er sett til onsdag 1. september 2010.

Fylkesrådmannen har gjeve foreløpig svar med atterhald om politisk handsaming.

Saksopplysningar

Det er store utfordringar knytt til utviklinga av drifts- og vedlikehaldskontraktar på fylkesvegnettet. Statens vegvesen har sia 2003 arbeidd med utviklinga av slike kontraktar. Ved forvaltningsreforma har størstedelen av vegnettet vorte fylkeskommunalt og fylkeskommunen blir i langt større grad enn tidlegare råka av mellom anna dei økonomiske konsekvensane i utviklinga av funksjonskontraktane.

Store delar av drift- og vedlikehaldsbudsjettet er bunden opp i fleirårige funksjonskontraktar, normalt med ein varighet på fem år. Kostnadsutviklinga er urovekkjande og i 2009 og 2010 har det på landsbasis vore ein kostnadsauke på 45 % - 60% ved inngåing av nye funksjonskontraktar. I løpet av dei neste fem åra skal alle dei ni kontraktane vi har i Telemark bli fornya. I 2011 utgår tre av kontraktene og arbeidet med å fornya desse er allereie starta i 2010. For desse har vi difor avgrensa moglegheit for endring av kontraktsform. Det blir arbeid lokalt i prosjektgruppe saman med Statens vegvesen om å forberede nye kontraktar.

På vegne av Staten og Fylkeskommunane har Statens vegvesen ei årleg omsetning på over 7 milliardar kroner knytt til drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Drift og vedlikehald av vegnettet er sær viktig med omsyn til både framkome og tryggleik. Det er difor viktig at dette arbeidet blir gjort på ein så god og effektiv måte som mogleg.

Dovre Group har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet gjort ei evaluering av konkurranseutsettinga av drift og vedlikehald i Statens vegvesen. Evalueringa blei avgrensa til dei oppgåvene som blei sette ut for konkurranse gjennom funksjonskontraktar i samband med at produksjonsverksemda til Statens vegvesen blei skilt ut som eit statleg aksjeselskap frå 1. januar 2003.

Dovre tek mellom anna opp og diskuterer følgjande tema i sin rapport:

- Utvikling i kvalitet, og dokumentasjon av denne, på arbeidet med drift og vedlikehald
- Kostnadsutvikling
- Marknadssituasjonen
- Innhald i, og storleiken, på funksjonskontraktane

Denne evalueringa frå Dovre blei gjennomført dels samstundes med at Riksrevisjonen gjorde ei undersøking om drift og vedlikehaldsoppgåvene til Statens vegvesen.

Riksrevisjonen og Dovre Group tek i sine rapportar opp mange av dei same tema. På mange område verkar det vere samanfall mellom Riksrevisjonen og Dovre sine vurderingar. Eksempelvis peikar begge på at konkurransesituasjonen ikkje er tilfredsstillande.

Gjennom Stortinget si handsaming av Riksrevisjonen sin rapport var eit stort fokus på å dela opp kontraktane for å sleppa til dei mindre entreprenørane. Dovre seier at dette ikkje er vegen å gå. Det verkar altså å vere semje om at dagens situasjon ikkje er tilfredsstillande, men at det ikkje er like stor semje om på kva retning ein skal gå vidare.

Det er nedsett ei nasjonal arbeidsgruppe som skal sjå på utfordringane innanfor drift og vedlikehald. Fylkeskommunane er med i dette arbeidet.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fokus på konkurranseutsetjing av drift og vedlikehald på vegnettet er av stor vekt for fylkeskommunen. Serleg av di kostnadsutviklinga innafor dette området har ei sterk auke dei siste åra. Rapporten frå Dovre Group legg eit godt grunnlag for vidare arbeid med å utvikla konkurranseutsetjing av drift og vedlikehald. Likevel ser ein at det i fagmiljøa ikkje er sams oppfatning om kva retning utviklinga skal ha jf. rapport frå Riksrevisjonen "Riksrevisjonens undersøking av drift og vedlikehald av vegnettet." Fylkesrådmannen rår

difor til at det arbeidast vidare med ulike variantar av kontraktar og oppfølging av desse og at det etter kvart må sammenstillast sentralt kva erfaringar ein har gjort med dei ulike typane. Fylkesrådmannen ser positivt på at det er sett ned ei nasjonal gruppe som tar føre seg utfordringane innafor drift og vedlikehald på vegnettet og at dette arbeidet vil gi føringar for det vidare arbeidet lokalt.

Vedlegg: